

Mona Høgli, representant for Miljøpartiet Dei Grøne, har sendt spørsmål til møtet i SAMO 4. november 2020. I e-post dagsett 30. oktober skriv ho:

I avisa BA kunne vi sist fredag lese at Vestland fylkeskommune sier nei søknad om å få henge opp julebelysning i Kong Oscars gate i Bergen. Begrunnelsen fra fylkeskommunen er at det kan være trafikkfarlig fordi bilister blir distraheret av lysene og at ekstra belysning i tillegg til gatelys kan gi uheldige virkninger av lys og skygge. Kong Oscars gate er nyoppusset til miljøgate, og målet er å få mer folkeliv og mindre biler. De næringsdrivende gikk sammen om å betale for juletrebelysning for å gjøre gaten enda mer attraktiv og trivelig for de besøkende. Tilsvarende belysning som ønskes i Kong Oscars gate, er vanlig mange andre steder. Blant annet har samme leverandør som skulle henge opp lys i Kong Oscars gate, hengt opp lys i Strandgaten i mange år. Vi er inne i en spesiell tid, og vi trenger alle de lyspunkt vi kan få, selv om de er små.

Spørsmål:

Vil fylkesdirektøren se på denne saken på nytt for å finne løsninger som gjør at Kong Oscars gate kan blir en trivelig gate dekorert med julelys?

Svar frå fylkesdirektøren

Fylkeskommunen fekk 9. oktober tilsendt søknad frå MK Illumination AS om installering av ein mellombels lysdekorasjon i nordvestre delar av Fv. 5340 Kong Oscars gate i Bergen sentrum. Denne delen av gata er eit av Bergens eldste gateløp, med historie som strekk seg attende til høgmiddelalderen. Kong Oscars gate har vore gjennom ei større opprusting, som vart ferdigstilt hausten 2018. I den aktuelle delen av gata er den utforma som eit sambruksområde, etter det såkalla 'shared space'-prinsippet. Dette er ei blanding mellom ei gate og ein plass, der det å opphalda seg er like viktig som å koma seg fram. Det er tatt grep for å redusera gjennomgangstrafikken, slik at biltrafikken i dag er relativt låg.

I søknaden frå MK Illumination AS var ønsket å ha oppe lysdekorasjonen frå november og ut januar månad. Søknaden vart avslått i brev av 26. oktober, grunna omfanget av lyssettinga, kombinert med miljøgateutforminga av Kong Oscars gate. Det er likevel ikkje slik å forstå at me generelt er negative til julegatebelysning i gata. Her kunne me nok med hell vore tydelegare i svarbrevet på søknaden.

Fylkesdirektøren vil understreka at avslaget på den opphavlege søknaden er basert på ei fagleg vurdering av eit gitt lysoppsett. Sjølv om eit lysoppsett fungerer i ei bestemt gate, er det ikkje gitt at same løysing vil fungera godt i ei anna. Til dømes syner representant Høgli her til fv. 5347 Strandgaten, som er ei kjent julegate i Bergen sentrum. Strandgaten og Kong Oscars gate har to, tydeleg forskjellige gatestrukturar. I desse to gatene vil ein kunna forventa ulike ferdselsmønstre og åtferd hjå fotgjengarane. Lysdekorasjonen må såleis verta tilpassa etter slike tilhøve. Fylkesdirektøren vil leggja til at vurdering av trafikktryggleiken i slike tilfelle er samansett, og mange ulike moment spelar inn.

Fylkesdirektøren har formidla til søkjar at dei er velkomne til å senda ny søknad om julebelysning i Kong Oscars gate. Vidare har fylkesdirektøren invitert til og oppretta dialog med søkjar, med mål om å få godkjent lyssettinga.